

*VEDTEKTER FOR KYRKJE- OG KULTURFOND I TOKKE KOMMUNE.
(Vedtekne av Tokke kommunestyre 17.02.97, K-sak 97/0009).*

1. Heimel for oppretting av fondet.
Fondet er oppretta etter vedtak i Tokke kommunestyre den 19.12.88, K-sak 121/88 etter samanslåing av tidlegare kulturfond og kyrkjelydsfond, oppretta 29.04.81.
2. Fondskapital.
Fondskapitalen vert sett til kr 1.800.000.-, 90% av årleg opptente renter kan nyttast til føremål som kjem inn under § 3. Dei resterande 10% av renteinntektene vert årleg lagt til fondskapitalen.
3. Føremål.
Fondet skal ha som føremål å fremje kulturlivet i kommunen. Det skal stimulere til aktivitet i alle delar av kommunen og blant alle aldersgrupper. Fondet skal og leggje tilhøva til rette for eit best mogeleg arbeid innfor kyrkjesektoren og dei andre trussamfunna i kommunen. Den årlege avkastinga skal nyttast etter reglane i vedlegg til vedtektene. Desse reglane skal vedtakast av kommunestyret. Reglane kan takast opp til ny vurdering av kommunestyret, eller etter oppmoding og framlegg frå kulturutvalet.
4. Fondsstyre.
Kulturutvalet er fondsstyre med kultursjefen som sekretær. Fondsstyret skal fatte vedtak om bruken av midlane i samsvar med reglane i vedlegg til vedtektene.
Rekneskap.
Kommunekassa fører rekneskap for fondet som vert å leggje ved kommunerekneskapet som eit særrekningskap. Revisjon skal utførast av kommunerevisjonen.
5. Forvaltning.
Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto i bank, i pant- og ihendehavarobligasjonar eller på anna fulltrygg måte. Formannskapet ser til at kapitalen gjev ei forsvarleg renteavkastning. Grunnkapitalen kan lånast ut til offentlege føremål etter vedtak i kommunestyret. For utlån skal det svarast forskotsrente etter den rentefoten som til ein kvar tid gjeld for 1.pr. pantelån i bank. Renter og avdrag skal først tilbake til fondet.
6. Ymse føresetnader.
Kostnader ved administrasjonen av fondet skal dekkjast av fondsavkastinga. Unyttar midlar skal avsetjast for utdeling til seinare år. Kultursjefen tilrår midlane til utdeling.
Vedtektsendringar.
Vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret.

REGLAR FOR BRUK AV AVKASTINGA FRÅ KYRKJE- OG KULTURFONDET.

I. AVKASTINGA FRÅ KYRKJE- OG KULTURFONDET KAN NYTTAST TIL FYLGJANDE TILTAK.

- Tilskot til særskilt kostbart utstyr og tilskot til kulturskrifter, bygdebøker og liknande.
- Tilskot til særskilde arrangement, tiltak eller prosjekt.
- Stipend til kulturarbeidarar som gjer ein særleg innsats innfor det utvida kulturomgrepet i kommunen.
- Tilskot til tiltak for betring av born sine oppvekstmiljø.
- Kulturprisen skal dekkjast av fondsmidlane dersom kulturutvalet gjer vedtak om utdeling.

II. DET KAN YTAST TILSKOT TIL ANDRE TILTAK ENN NEMNT UNDER PUNKT I DERSOM SÆRLEGE GRUNNAR LIGG FØRE OG KULTURUTVALET TILRÅR DETTE.

UTFYLLANDE REGLAR FOR BRUK AV KYRKJE- OG KULTURFONDET.

TILSKOT TIL SÆRSKILT KOSTBART UTSTYR OG TILSKOT TIL KULTURSKRIFTER, BYGDEBØKER OG LIKNANDE.

1.1.

TILSKOT TIL SÆRSKILDE ARRANGEMENT, TILTAK ELLER PROSJEKT.

Fondsmidler skal i hovudsak ikkje nyttast til å dekkje trongen for vanleg lagstønad eller til tiltak og/eller arrangement som må reknast som eit lags ordinære drift. Difor bør ikkje fondsmidlane delast opp i for mange småsummar, men heller gå til færre og større tiltak.

ARRANGEMENT

For at eit arrangement skal få stønad må det i hovudsak vera tilgjengeleg for alle. Interne arrangement kan i særskilde høve få stønad dersom det er av allmenn interesse for kommunen eller eit bygdelag. Arrangementa bør vera av ein slik storleik at det er vanskeleg for eit særskilt lag å stå aleine om tilskippinga.

TILTAK OG PROSJEKT.

2.3.1. BYGNINGSVERN/RESTAURERING.

Det kan ytast tilskot til bygningar som har kulturhistorisk verdi og som innbuarane har høve til å vitja. Ein kan yte tilskot til samlingar av gamle hus, gardstun og liknande.

MINNESMERKE.

Det kan ytast tilskot til reising av minnesmerke som har tilknytning til spesielle kulturhistoriske hendingar og personar som er, eller har vore, særskilt knytt til kommunen.

TILSKOT TIL NYBYGG.

Forutan tilskot til reine kulturbygg, som t.d. museumsbygg og liknande, kan det ytast midlar til forsamlingshus, klubbhus og andre bygg som eit eller fleire private lag skal føre opp og der kostnaden er for stor til at laget/laga kan make det. Unntak er bygg som vert finansiert heilt eller delvis med midlar frå STUI (spelemidler) eller andre offentlege midlar.

HISTORIE- OG KULTURSTOFF.

Det kan ytast tilskot til innsamling og/eller arbeid med historie- og kulturstoff som lag eller personar tek initiativ til. Føremålet med arbeidet må vera å skaffe fram materiale som har allmenn kulturell interesse blant bygdefolket.

2.3.5. FRITIDSKLUBBAR.

Det kan ytast tilskot til oppretting av fritidsklubbar og utstyr til desse. Det kan også ytast tilskot til driftsutgifter lag eller organisasjonar har med fritidsklubbar. Det er ein føresetnad for tilskot at eit ansvarleg lag eller organisasjon står for drifta og at det alltid er ansvarlege leiarar til stades i klubben. Det må vera utarbeidd reglar for klubben, og kulturutvalet må ha godkjent desse.